

## Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 07.09.2017

**Marthe Hammer (SV)** sette på vegner av SV og MDG fram slikt forslag:

«Tillegg punkt 1, tredje kulepunkt (tillegget står i kursiv):

Der det ikkje er tilrådd å elektrifisere bussdrifta, eller å nytte biogass, skal det stillast krav om berekraftssertifisert biodrivstoff. *Det skal ikkje nyttast palmeolje eller biprodukt frå palmeoljeproduksjon (som CPO og PFAD).*»

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag med Hammer sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget stiller seg bak tilrådingane i «Temaplan: Låg- og nullutsleppsbusser i Hordaland». Med desse ambisjonane blir busstrafikken i Bergen fossilfri innan 2020, og i heile Hordaland innan 2027. CO<sub>2</sub>-utsleppa blir redusert med minst 60 prosent innan 2025. For å nå målsettinga skal følgjande tiltak iverksetjast:
  - Gradvis innføring av elektrisk drift på utvalde busslinjer i Bergen mellom 2020 og 2025, dette inneber mellom anna ei forlenging av trolley nettet. Elektrifisering vil erstatte om lag ti prosent av det totale energiforbruket til bussane i fylket i dag.
  - Bruk av all biogass frå Bergen kommune sitt anlegg i Rådalen til bussdrifta i kontraktsonråde Bergen nord så snart som råd. I førebuing av alle bussonbud skal tilgang og pris på lokalprodusert biogass vurderast.
  - Der det ikkje er tilrådd å elektrifisere bussdrifta, eller å nytte biogass, skal det stillast krav om berekraftssertifisert biodrivstoff. Det skal ikkje nyttast palmeolje eller biprodukt frå palmeoljeproduksjon (som CPO og PFAD).
2. Fylkestinget legg til grunn at finansiering av gjennomføring av tiltak innanfor Bergen blir finansiert gjennom den nye byvekstavtalen for Bergen.
3. I oppfølginga av «Temaplan: Låg- og nullutsleppsbusser i Hordaland» må ambisjonar og gjennomføringsplanar kontinuerleg bli tilpassa utviklinga i teknologi, kostnadsnivå og erfaringar.